

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.8.23

Stad: Ungdomshuset Trudvang

Sak 25/23. Søknad frå Aurland jakt- og fiskelag om redusert grunnavgift for hjortejakta i Nordheimsdalen, øvre jaktfelt

Saksopplysning/vurdering:

AJF sitt jaktlag i Nordheimsdalen har søkt fjellstyret om å få redusert grunnavgift for hjortejakta i Nordheimsdalen (det øvre jaktfeltet). Grunngevinga i søknaden er at anleggsverksemda i samband med bygginga av ny kraftline i området vil skremma vekk både hjort og elg frå deler av jaktområdet, og at sjansane for felling vil gå ned. Det vert vist til at sjølv med det førebuande arbeidet som føregjekk i fjor; utbetring av anleggsvegen frå Frønningen til Kristenkamben, vart hjorten vekke frå det tidlegare sikre jaktområdet Kristenkamben. I brevet vert det og vist til at ferjetilbodet til Frønningen har vorte dårlegare dei siste året, og at dette fører til auka kostnader for jegerane. AJF søker om å få halvert grunnavgifta per tildelt fellingsløyve, men at kiloprisen for felte dyr kan haldast uendra.

Brevet frå AJF ligg ved.

AJF har ein leigeavtale for jaktfeltet for perioden 2020-23, og er altså no inne i det siste året i leigeperioden. Laget betalar ei grunnavgift på kr 2000 per dyr for 13 frie dyr. For kalv er det inga grunnavgift – den vart fjerna då kommunen vedtok fri kalveskyting. Det vert etter jakta betalt ein kilopris for alle felte dyr, ut frå avtalt standardvekt for kvar dyrekategori. Då vert tidlegare innbetalt grunnavgift trekt frå i sluttoppgjeret. Kiloprisen som er avtalt er for tida kr 63.

I den føregåande leigeavtalen, som galdt for perioden 2016-19, var grunnavgifta for vaksne dyr kr 2800, og kr 1300 for kalv. Årsaka til at ein gjekk ned på grunnavgifta ved inngåing av ny avtale, var at talet på fellingsløyve vart auka litt, grunna stor auke i fellingskvoten for området. Samla sett kom jaktlaget såleis ut med omlag den same grunnavgiftsbetalinga som tidlegare.

Om ein ser på prisstiginga elles i samfunnet frå 2016 til i dag, syner konsumprisindeksen ein auke på 26,4 %, og frå 2019 til i dag 16,7 %.

Det er mykje truleg at anleggsaktiviteten med den nye linja vil påverka elg- og hjortejakta negativt. Særleg i nærområda til anlegget må ein rekna med mindre dyr og dårlegare sjanse for felling. Kristenkamben er trekt fram som døme i brevet frå AJF. I dei delane av jaktområdet som ligg lengst frå veg og anleggsaktivitet kan ein truleg rekna med at sjansane for å få felt hjort og elg vil

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.8.23

Stad: Ungdomshuset Trudvang

Sak 25/23, side 2

vera like gode som før. Ulempene vil vera lang bering og at det går med mykje meir tid.

Det er av NVE og Statnett lagt opp til at det skal haldast eit skjønns for å fastsetja erstatningar for tap og ulemper i samband med linjeprojektet. Dei siste meldingane som har kome om dette, tyder på at eit slikt skjønns tidlegast vert halde eit stykke ut i 2024. Det er sannsynleg at jaktrettshavarar (grunneigarar og fjellstyre) som kan dokumentera eller sannsynleggjera reduserte inntekter av jakta i anleggsperioden vil kunna få erstatta heile eller delar av tapet. Det er såleis mogleg at reduserte inntekter av jaktutleige med tida vil bli kompenserte.

Det er altså moment som talar i begge retningar; både for å imøtekoma søknaden om redusert grunnavgift, og ikkje å gjera det. At det berre er eitt år att av leigeperioden, talar for å køyra dei avtalte vilkåra ut perioden, og heller ta med desse nye momenta når det ev skal forhandlast om ny leigeavtale. Det spelar og inn at det er to jaktfelt i valdet; eit øvre og eit nedre. Omsynet til lik handsaming av dei to jaktfelta må vurderast.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ynskjer ikkje å gjera endringar i grunnavgifta for hjort- og elgjakta i Nordheimsdalen i år, men vil følgja gjeldande avtale. Fjellstyret grunngjev dette med følgjande:

- Med berre eitt år att av avtaleperioden, meiner me at ein bør halda på dei inngådde vilkåra ut heile perioden. Det vil vera naturleg å ta med momenta som AJF peikar på i drøftingane om ein eventuell ny leigeperiode frå 2024.
- Med å innføra eit nytt prisopplegg for det eine jaktfeltet, vil det fort kunna få følgjer for det andre jaktfeltet òg.

Fjellstyrekontoret, den 14.8.23


Harald Skjerdal

Endrede forutsetninger for hjortejakt i Norheimsdalen i forbindelse med linjebyggingen i området.

AJF's Jaktlaget i Norheimsdalen ønsker at Fjellstyret vurderer nivået for grunnavgiften for hjortejakta i Norheimsdalen for 2023, og videre framover så lenge linjearbeidene pågår.

Vi erfarte ved jakta i sist høst at det påbegynte arbeidet på vegen fram til parkeringen på Nonhaug påvirket forholdene til både hjort og elg i området ved Kristenkammen. Dette har alltid vært et "sikkert" område med mye spor og også felte dyr. Sist høst gjorde vi flere runder med smygjakt og organiserte jag i området, men erfarte at området (også på Nedste Kristenkammen) var tomt for dyr og nesten ikke spor. Vår oppfatning er at dette skyldes anleggsarbeidet i forbindelse med ny veg gjennom området. Da selve linjearbeidene i innover fjellet skal starte denne sesongen med montasjeplass og utflyving over det øvre jaktområdet, ser vi en stor sannsynlighet for at både hjort og elg vil trekke unna området Storebotten og de øvre delene av Norheimsdalen/Djupedal. Dette området, samt Kristenkammen er jo "kjerneområdet" for jakta i det øvre jaktfeltet

Vi mener det er gode grunner til å anta at anleggsvirksomheten vil skremme bort både hjort og elg, og dermed redusere verdien av jaktutøvelse i området. Vi ser det derfor som urimelig at det må bli "gambling med dårlige odds", hvis grunnavgiften forblir uendret i forhold til tidligere "normalår".

Vi opplevde allerede i fjor at innbetalt grunnavgiften var høyere enn verdien av kjøttet som ble tatt ut, selv med normalt jakttrykk. Med den økningen vi kan forvente i anleggsaktiviteten framover ser vi på en grunnavgift på fjorårets nivå som høyst urimelig.

Det er også et annet forhold som gjør at jakta i Norheimsdalen har blitt mer krevende /mindre tilgjengelig og mindre attraktivt de siste årene: Det er det reduserte fergetilbudet til Frønningen. Når det kun går ferge tre ganger i uka, og da kun fra Kaupanger, sier det seg selv at det er begrenset hvor mye folk kan ta seg fri på jobb, og dermed også tape arbeidsfortjeneste. Dette er noe jegerene også må ta med på kostnadssiden ved jaktutøvelse i Norheimsdalen. Dette gjør at "verdien" av dette jakttilbudet framstår betydelig redusert i forhold til tidligere. Vi håper derfor at Fjellstyret kan vurdere en halvering av grunnavgiften, men opprettholder kiloprisen på tidligere nivå.

Når kvaliteten på denne jakta nå blir så redusert erfarer vi at medlemmer i Aurland Jakt og fiskelag ser at det er et dårlig samsvar i forholdet mellom kost/nytte. Dette skyldes økte kostnader og for høy risiko. Dette på grunn av utenforliggende årsaker, som økt trafikk/anleggsvirksomhet i området på grunn av linjearbeidene, og også begrenset mulighet til å drive effektiv jakt på grunn av dårligere fergetilbud til/fra Frønningen.

Med hilsen

AJF's jaktlag i Norheimsdalen

For AJF

Tunde F Nesbø